



Det var storfint skipsbesøk på Eidsvik/ SELSTAD i dag, då KNM STORM la til kai.

Det var eit sjeldan fint skipsbesøk på Eidsvik/SELSTAD i dag. KNM STORM, bygd på Umoe Mandal 2006 - 2008 la til kai kring middagstider og låg i Uskedalen i fleire timar. Uskedalen.no kjenner ikkje til kvifor Sjøforsvaret la inn Uskedalen som destinasjon, men truleg var det meir av velferdsgrunnar enn oppsett øving.

Naboane kunne registrera at om lag 15 gaster med sekker på ryggen la i veg på fjelltur. Tilbakekomne hoppa fleire av dei sjøen frå båtdekket. Så langt vi kjenner til har det ikkje vore krigsfarty til kai på Eidsvik før. Redaksjonen bed om ei tilbakemelding om dette ikkje er ein rett observasjon.

P 961 KNM STORM er ein missiltorpedobåt i den såkalla Skjold klassen. Seieren avløyste Hauk klassen, som vart teken ut av teneste i 2008. KNM STORM var den fyrste i dette slaget, sjøsett i 2006 og operativ frå 2008. Det er ikkje heilt rett. P960 nokre år tidlegare var eit forseriefarty, ein prøve på dei nye torpedobåtane.



[Kan nokon minnast om det har vore skip frå Sjøforsvaret til kai på Eidsvik før.](#)

KNM STORM er 273 tonn og har ei lengde på 47,5 meter, breidde 13,5 meter. To store og to mindre gasturbinar driv to vannjetar. Farten kan koma opp i maks 60 knop.

Det var i 2003 Sjøforsvaret skreiv under kontrakten om bygging av krigsfarty i Skjold klassen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/ Eli Roseth Eik